

AVGJERD I EØS-KOMITEEN
nr. 76/2015

2016/EØS/42/03

av 30. april 2015

om endring av vedlegg I til EØS-avtala (Veterinære og plantesanitære tilhøve)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla EØS-avtala, særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Kommisjonens gjennomføringsavgjerd (EU) 2015/278 av 18. februar 2015 om endring av avgjerd 2010/221/EU med omsyn til nasjonale tiltak for å hindre innføring av visse sjukdommar hjå vassdyr i delar av Irland, Finland og Det sameinte kongeriket⁽¹⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 2) Denne avgjerda gjeld føresegner om veterinære tilhøve. Føresegner om veterinære tilhøve skal ikkje gjelde for Liechtenstein så lenge avtala mellom Det europeiske fellesskapet og Det sveitsiske eidssambandet om handel med landbruksprodukter er utvida til å omfatte Liechtenstein, som nemnd i tilpassing etter sektor i vedlegg I til EØS-avtala. Denne avgjerda skal difor ikkje gjelde for Liechtenstein.
- 3) Vedlegg I til EØS-avtala bør difor endrast –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I EØS-avtala vedlegg I kapittel I del 4.2 nr. 94 (kommisjonsavgjerd 2010/221/EU) skal nytt strekpunkt lyde:

”– **32015 D 0278:** Kommisjonens gjennomføringsavgjerd (EU) 2015/278 av 18. februar 2015 (EUT L 47 av 20.2.2015, s. 22).”

Artikkel 2

Teksta til gjennomføringsavgjerd (EU) 2015/278 på islandsk og norsk, som vil verte kunngjort i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

Artikkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 1. mai 2015, på det vilkåret at alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i EØS-avtala er sende inn^(*).

Artikkel 4

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utfærd i Brussel 30. april 2015.

For EØS-komiteen

Gianluca Grippa

Formann

⁽¹⁾ TEU L 47 av 20.2.2015, s. 22.

^(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.